


Vidareutvikling av lærebokordninga for høgare utdanning



Vidareutvikling av lærebokordninga for høgare utdanning

Redaktør:

Jon Gunnar Mølstre Simonsen

Forfattarar:

Marit Ubbe

Ane Landøy

Alina Oboza

Anja Moberg Olsen

Linda Lien

1 Samandrag og tilrådingar

Skriving og bruk av norskspråklege lærebøker er viktig for å ivareta og vidareutvikle eit godt norsk fagspråk. Lærebøkene gir samanhengande tekst der norsk fagspråk er i bruk, og bidreg til å styrkje formidlinga av kunnskap til det norske samfunnet. Det er ei utfordring at bruk av engelsk aukar i høgare utdanning og at det i enkelte fagområde manglar norskspråkleg pensumlitteratur. Manglande norskspråklege lærebøker er både eit symptom på og bidreg til domenetap til engelsk innan høgare utdanning, det vil seie at norsk vert erstatta av engelsk som undervisnings-, formidlings- og kommunikasjonsspråk i nokre fagområde.

Lærebokordninga for høgare utdanning er eit viktig verkemiddel som bidreg til eit auka mangfald av norske lærebøker. Det har dei siste åra vore god søknad til ordninga. Sjølv om fagområde med domenetap (naturvitskaplege og tekniske fag og økonomisk administrative fag) vert prioritert i ordninga, er det få søknader om støtte til utgjeving av lærebøker innan desse fagområda. Det er særleg få lærebøker innan naturvitskaplege og tekniske fag.

For å betre møte utfordringane med domenetap og stimulere til meir skrijving og bruk av lærebøker på norsk, tilrår direktoratet følgjande tiltak knytt til lærebokordninga for høgare utdanning:

Innretting av ordninga

Lærebokordninga for høgare utdanning vert utvida og innretta med to utlysingar, ei retta mot norske forlag for produksjon og støtte til utgjevingar av lærebøker, og ei pilotordning for utvikling av norskspråklege læremiddel innan fagområde med domenetap. Pilotordninga vert retta mot universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren).

Styrking av lærebokordninga for høgare utdanning

Direktoratet foreslår å styrke lærebokordninga slik at ho samla lyser ut 14,6 millionar kroner årleg. Dette vil innebere:

- auka budsjett til utgjevingar slik at ein kan støtte fleire bokprosjekt,
- midlar til ei pilotordning for utvikling av lærebøker innan fagområde med domenetap,
- midlar til omsetting av internasjonale læreverk til norsk for fagområde med domenetap.

Pilotordning

Det vert lyst ut midlar til UH-institusjonar for utvikling av norskspråklege lærebøker, innan fagområde med stort domenetap til engelsk. Pilotordninga skal fremje samarbeid mellom institusjonar. Til gjennomføring av tiltaket foreslår direktoratet at det vert lyst ut tre millionar kroner årleg. Dette vil finansiere tre til fire prosjekt per år.

Omsetjing

Det vert opna for å tildele støtte til omsetjing av sentrale internasjonale læreverk til norsk, for fagområde med domenetap. Auka kostnader til støtte til omsetting vert rekna til 600 000 kroner per år.

Terminologi

Terminologi som vert utvikla gjennom skriving og omsetjing av lærebøker skal gjerast tilgjengeleg i Termportalen

2 Bakgrunn, oppdrag og metode

2.1 Handlingsplan for norsk fagspråk i akademia:

I 2023 utvikla Kunnskapsdepartementet saman med Kultur- og likestillingsdepartementet handlingsplanen *Frå ord til handling, Handlingsplan for norsk fagspråk i akademia*. I planen legg regjeringa fram 21 tiltak som skal styrke norsk fagspråk og hindre vidare domenetap til engelsk. Med handlingsplanen ønsker regjeringa også at ansvar for norsk fagspråk vert sett høgare på dagsorden ved norske universitet og høgskolar:

*Fagspråket som blir brukt på norske institusjonar for forskning og høgare utdanning, har mykje å seie for kommunikasjon, samhandling og deltaking i resten av samfunnet. Gjennom forskning og høgare utdanning blir det utvikla fagtermar og eit akademisk språk som pregar den offentlege samtalen, profesjonell terminologi, skuleverket, arbeidsspråket i norske verksemder og kvardagsspråket vårt. Akademisk språkbruk har derfor høg prioritet i språkpolitikken til regjeringa.
(Kunnskapsdepartementet, 2023a, p. 6)*

2.2 Oppdraget

I tildelingsbrevet for 2024 får HK-dir eit oppdrag frå Kunnskapsdepartementet knytt til *Oppfølging av regjeringens handlingsplan for norsk fagspråk i akademia* (Kunnskapsdepartementet, 2023b). Denne utgreiinga er ei leveranse knytt til punkt 2 i oppdraget:

Utrede hvordan lærebokordningen kan videreutvikles og eventuelt styrkes for å stimulere til mer skrivning og bruk av læremidler på norsk.

2.3 Metode

I rapporten har vi kombinert ulike metodar for å få best mogleg oversyn over utfordringane og moglegheitene knytt til lærebokordninga og anbefale korleis vi kan vidareutvikle ordninga for å stimulere til meir skrivning og bruk av læremiddel på norsk.

Utgreiinga bygger på tidlegare gjennomgang av lærebokordninga, som vart gjennomført av Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (i dag HK-dir) (Diku, 2021), og evalueringar av ordninga som vart gjennomført av NIFU (Schwach, 2018; Schwach, 2013; Sivertsen, 2016). Vi har gått gjennom kartleggingar av bruken av norskspråkleg pensumlitteratur,

gjennomført av Opinion på oppdrag frå Kopinor (Opinion, 2022) og Rambøll Management Consulting på oppdrag frå Språkrådet (Rambøll, 2022). Vi har også sett til Språkrådet sin rapport om parallellspråk og språkpolitikk i UH-sektoren.

Vidare har vi henta inn innspel frå ulike aktørar med god kjennskap til lærebokordninga, og med interesse for utgjeving av lærebøker og arbeid med norsk terminologi og fagspråk i academia. Aktørane har formidla innspela til oss munnleg gjennom dialogmøte, og vi har gitt dei mogelegheit til å sende inn skriftlege innspel. Det vart gjennomført dialogmøte med Den Norske Forleggerforeningen (heretter Forleggarforeininga), arbeidsutvala til alle dei fagstrategiske einingane til Universitets- og høgskulerådet (UHR), UHR - Bibliotek, Norsk Faglitterær Forfattar og Oversetterforening (NFFO), Termportalen ved Universitetet i Bergen, Universitetet i Bergen og Samisk Høyskole.

Dialogmøta har tatt utgangspunkt i følgande spørsmål:

- Korleis kan lærebokordninga stimulere til meir skrivning og bruk av lærebøker på norsk i universitet- og høgskulesektoren, særleg i fagfelt der engelske læremiddel dominerer i dag?
- Korleis kan lærebokordninga støtte utvikling og bruk av norsk terminologi og fagspråk i academia?
- Korleis kan vi gjere ordninga meir relevant for universitet- og høgskulesektoren?
- Kan det være aktuelt å legge til rette for eit nærare samarbeid mellom forlag og universitet- og høgskulesektoren, og mellom fagmiljø på ulike institusjonar?

UHR-samisk og Forleggarforeininga sendte også skriftlege innspel etter gjennomførte dialogmøte.

For å få meir kunnskap om effektar og erfaringar knytt til stipendordningar og omsetjing av lærebøker til norsk, gjennomførte vi i tillegg eigne dialogmøte om desse emna med Forleggarforeininga og NFFO. I samband med oppdraget har direktoratet også vore i jamleg dialog med Språkrådet.

HK-dir har i arbeidet med denne rapporten fokusert på korleis lærebokordninga kan bidra betre til utvikling og bruk av norskspråklege lærebøker i universitet- og høgskulesektoren, særleg innan fagområde med stort domenetap til engels

3 Om lærebokordninga for høgare utdanning

3.1 Om ordninga

Lærebokordninga for høgare utdanning gjev tilskot til produksjon og utgjeving av norske og samiske lærebøker som det er faglege behov for på bachelor- og/eller mastergradsnivå, men som det av ulike årsaker ikkje er tilstrekkeleg kommersielt grunnlag for å gje ut.

I 2020–2021 hadde Diku (i dag HK-dir) ein gjennomgang av ordninga for å tilpasse henne endå betre til dagens språksituasjon. Gjennomgangen viste at:

- Lærebokordninga er eit viktig bidrag til eit større mangfald av norskspråklege læremiddel for høgare utdanning, men at utvikling av slike læremiddel har blitt gjeve varierende prioritet i akademien.
- Det er få søknadar og tildelingar innan dei fagområda der engelskspråklege læremiddel er dominerande og som er særleg utsett for domenetap, som til dømes naturvitskaplege fag og teknologifag.
- Nynorsk og samisk er under særleg press, medan ordninga mottek monaleg fleire søknadar om støtte til utgjevingar på bokmål enn på nynorsk. Samstundes vart ein større del av søknadene om støtte til nynorske utgjevingar innvilga.
- Ordninga stimulerer i avgrensa grad til å utarbeide læremiddel på norsk, og finansieringssystemet fungerer ikkje som insentiv for utvikling av læremiddel.
- Det er lite kjennskap til ordninga i universitets- og høgskulesektoren.

Som følge av evalueringa vart det frå hausten 2021 innført fleire endringar i lærebokordninga for å svare på nokre av dei identifiserte utfordringane:


- Føremålet med ordninga vart presisert, og delar av tilskotsmidlane vart øyremerkte produksjon av lærebøker på samisk eller nynorsk, og til lærebøker innan fagområde med domenetap til engelsk.
- Utgjevingar retta mot mastergradsnivå vart omfatta av ordninga.
- Ordninga vart utvida til også å støtte digitale parallellutgjevingar og opna for støtte til omsetjing frå nordiske språk til samisk.

Ordninga er i dag innretta slik at registrerte norske forlag kan søke støtte til utgjeving av norske lærebøker. Sjølv om mottakarane av tilskot er norske forlag, e sluttbrukarane og målgruppa for ordninga fagmiljø og studentar i høgare utdanning. Utvikling av lærebøkene vil også i dei fleste tilfelle avhenge

av eit samarbeid mellom forlag og forfattar, der sistnemnde ofte har stilling i akademia.


Frå og med 2022 vart løyvinga til lærebokordninga styrka i statsbudsjettet.

3.2 Utvikling i søknadar og tildelingar i lærebokordninga



Figur 1: Søknad og tildelingar i Lærebokordningen i perioden 2010–2023

Talet på søknadar til ordninga har variert noko i perioden 2010–2023, med 75 søknadar på det lågaste i 2015 og opp til 132 søknadar på det høgaste i 2016. Dei siste fem åra har tendensen vore at tal på søknadar er i underkant eller overkant av 100 søknadar per år. Dei siste fem åra har lærebokordninga støtta mellom 80 og 106 bokprosjekt per år.



Figur 2: Tidelingsrate i lærebokordninga 2010–vår 2024

Tildelingsraten for lærebokordninga har variert over tid og mellom dei to årlege utlysingane. I perioden 2018 og 2023 er den lågaste tildelingsraten 73 prosent (2020) og opp mot 98 prosent på det høgaste (2022). Dette skuldast mellom anna auka midlar i ordninga frå og med 2022.

Ved utlysing våren 2024 vart satsar for utrekning av støttebeløp justerte for første gong sidan 2018. Justeringa medførte at kvart prosjekt søker om noko større beløp enn tidlegare, og dermed at færre prosjekt får støtte. Ved tildeling våren 2024 ser me at tildelingsraten ligg på 52 prosent. Den låge tildelingsraten er og grunna ein auke i talet på søknader. Våren 2024 fekk lærebokordninga 69 søknadar. Av desse blei 36 tildelt midlar.

Vi forventar god søking til haustens utlysing, men på grunn av avgrensa midlar i ordninga vil ikkje direktoratet kunne tildele midlar til alle støtteverdige prosjekt.

Frå og med hausten 2021 blei fagområde med domenetap, og nynorsk og samisk, prioritert i ordninga. Verknader av desse endringane er ikkje synlege så langt. Dersom ein samanliknar tal på søknader om støtte til utgjeving av lærebøker innan fagområda med særleg domenetap til engelsk og bøker på nynorsk/samisk, over tid, ser vi at ordninga ikkje har fått fleire søknader innan desse prioriteringane.

| Utlysing | Tal på nynorsk søkt | Tal på nynorsk tildelt | Tal på samisk søkt | Tal på samisk tildelt | Tal på domenetap søkt | Tal på domenetap tildelt | Boka vert utgjeve med digital parallellutgåve |
|------------|---------------------|------------------------|--------------------|-----------------------|-----------------------|--------------------------|---|
| 2019 vår | 5 | 5 | 0 | 0 | ikkje aktuelt | ikkje aktuelt | ikkje aktuelt |
| 2019 haust | 11 | 11 | 0 | 0 | ikkje aktuelt | ikkje aktuelt | ikkje aktuelt |
| 2020 vår | 12 | 11 | 0 | 0 | ikkje aktuelt | ikkje aktuelt | ikkje aktuelt |
| 2020 haust | 5 | 5 | 0 | 0 | ikkje aktuelt | ikkje aktuelt | ikkje aktuelt |
| 2021 vår | 6 | 6 | 1 | 0 | ikkje aktuelt | ikkje aktuelt | ikkje aktuelt |
| 2021 haust | 3 | 3 | 0 | 0 | 13 | 13 | 62 |
| 2022 vår | 1 | 1 | 0 | 0 | 2 | 2 | 35 |
| 2022 haust | 7 | 7 | 0 | 0 | 1 | 1 | 45 |
| 2023 vår | 3 | 3 | 1 | 1 | 9 | 9 | 57 |
| 2023 haust | 5 | 5 | 0 | 0 | 7 | 7 | 46 |
| 2024 vår | 7 | 7 | 0 | 0 | 2 | 2 | 66 |

Tabell 1: Søking til nynorsk, samisk, domenetap og digital parallellutgåve 2019-2024

Som tabell 1 viser, har det vore få søknader til utgjevingar innan fagområde med domenetap, og knapt søknader til samisk. Naturvitskaplege og tekniske fag får høvesvis 5 prosent og 2 prosent av tildelinga. Ingen av

søknadene har omfatta omsetjing frå nordisk språk til samisk. Utviding av ordninga til å omfatte støtte til digitale parallellutgjevingar treff derimot godt, og størstedelen av bokprosjekta det vert søkt om støtte til skal også gjevast ut digitalt.

Fagområde med domenetap og lærebøker på samisk og nynorsk vert prioritert gjennom øyremerkte midlar i kvar utlysing. Sidan dette vart innført hausten 2021 har det vore for få søknader til å bruke alle dei øyremerkte midlane på dei prioriterte områda. Dette har medført at attståande midlar frå prioriteringane vert brukt til andre utgjevingar. Ein stor del av midlane i lærebokordninga støttar utgjeving av bøker med lågt opplag og på bokmål.

Vi ser behov for å styrke ordninga slik at fleire bokprosjekt kan få støtte. Dersom budsjettet for ordninga vert vidareført på same nivå som i dag, forventar vi ei varig lågare tildelingsrate enn tidlegare år.

I kapittel 4 vil vi sjå nærare på utfordringane og korleis lærebokordninga bør vidareutviklast for å treffe betre. I kapittel 5 vil vi samanfatte tilrådingane våre om vidareutvikling og styrking av ordninga.

3.3 Kva har skjedd sidan evalueringa i 2021

Regjeringa sin språkpolitikk har dei siste åra bidrege til auka merksemd på dei mange utfordringane for norsk fagspråk.

Gjennom handlingsplanen for norsk fagspråk i akademia lanserte regjeringa ei rekke nye tiltak og samordnar eksisterande verkemiddel, med mål om å styrke norsk fagspråk og motverke domenetap til engelsk. Planen bidreg til å tydeleggjere ansvar for fagspråk nasjonalt og ved universitet og høgskolar, mellom anna gjennom den nye universitets- og høgskulelova, som trer i kraft 1. august i år. I lova står det at universiteta og høgskulane skal *bruke, utvikle og styrke norsk fagspråk, både bokmål og nynorsk*.

Handlingsplanen set ei ramme for UH-sektoren sitt arbeid med norsk fagspråk og er retningsgjevande for vidare satsing. Auka merksemd på institusjonane sitt ansvar for å ivareta og vidareutvikle fagspråk gjer det no meir relevant å rette verkemidla mot sektoren for å styrke dette arbeidet.

4 Utfordringsbilde

I dette kapitlet diskuterer vi nærare korleis lærebokordninga betre kan bidra til produksjon, utgjeving og bruk av norskspråkleg pensumlitteratur i lys av språkpolitikk og utfordringsbiletet. Vi rettar særleg merksemd mot domenetap til engelsk, og vi drøftar ulike tilnærmingar som kan bidra til endring. Kva er relevante verkemiddel i fagområda der det i dag manglar norske lærebøker?

4.1 Innretting av ordninga

Gjennom lærebokordninga får norske forlag tilskot til produksjon og utgjeving av lærebøker til bruk i høgare utdanning, som det av ulike grunnar ikkje er tilstrekkeleg kommersielt grunnlag for å gje ut. Forlaga har ei sentral rolle i å sikre tilgjenge og kvalitet i lærebøkene som vert publisert i Noreg.

Det at ordninga gir tilskot til forlaga, og ikkje til fagmiljø eller forfattar, bidreg til at ho er mindre kjent i fagmiljø på universitet og høgskular, som saman med studentane er den eigentlege målgruppa for ordninga. To premiss ligg til grunn for at lærebokordninga skal kunne bidra til å motverke domenetap og bidra til utvikling av norske lærebøker: Fagmiljøa ved UH-institusjonane må prioritere utvikling og bruk av norske lærebøker, og det må finnast forfattarar som har kapasitet til og ønske om å skrive lærebøker.

Innspel til handlingsplanen og tidlegare gjennomgang av lærebokordninga viser at det er lite tid til å arbeide med utvikling av lærebøker. Skrivning av lærebøker er tidkrevjande, og mange tilsette opplever at det er vanskeleg å prioritere slikt arbeid. Språkrådet si undersøking om norsk fagspråk og terminologi i universitets- og høgskulesektoren viser at det vert opplevd som lite karrierefremjande å skrive på norsk (Rambøll, 2022). Ein stor del av respondentane i undersøkinga oppgjer også manglande terminologi til å være ein grunn til at det ikkje vert skrive på norsk. Dette er utfordringar som lærebokordninga ikkje kan løyse åleine, men som dei samla tiltaka i handlingsplanen og regjeringa sin språkpolitikk kan bidra til å endre.

I dialogmøta diskuterte vi om det er mogeleg å fremje eit tettare samarbeid mellom forlag og universitets- og høgskulesektoren, og mellom fagmiljø ved ulike institusjonar. UHR sin rettleiar for vurdering av akademiske karriereløp (NOR-CAM) nemner utvikling av læremiddel og lærebokskrivning som ei fagleg oppgåve som bidrar til utdanningsfagleg kompetanse og samspel

med samfunnet, formidling og innovasjon. Lærebokskrivning er ofte ein fagleg autonom aktivitet gjennomført av enkeltpersonar, ut frå interesse og vurderingar av behov for boka. Samstundes er det trong for ei meir koordinert og strategisk tilnærming til utvikling og bruk av pensumlitteratur. Under fleire av dialogmøta diskuterte vi i kor stor grad fagmiljøa kan ta ei større pådrivarrolle for utvikling av læremiddel og aktivt fremje ynskje om lærebøker hos forlaga.

4.2 Kva er behovet for lærebøker i utdanningane?

Sidan lærebokordninga vart oppretta i 1984 har det vore store endringar i høgare utdanning. Talet på studentar har tredobla seg, og marknadspotensialet for lærebøker har dermed auka monaleg. Samstundes rapporterer forlaga om nedgang i sal av norskspråklege lærebøker dei siste åra (Den Norske Forleggerforeningen, 2022).

Undersøkinga til Opinion (2022) om fastsetjing av norsk pensum gjev ein del informasjon om kva som kan vere grunnar til denne nedgangen i sal, trass i at marknaden har blitt større.

Det er stor variasjon i kva læremiddel som vert brukt i undervisning. Opinion sin gjennomgang viser at pensum er samansett og ofte består av ein stor del papirbøker og digitale artiklar, supplert med digitale bøker, digitale og fysiske kompendium, video, podkastar og digitale læringsprogram (Opinion 2022).

Undersøkinga viser at bruken av artiklar aukar i tråd med studienivå, og er meir utbreidd på masternivå, enn på bachelornivå. Lærebøker vert oftare brukt for å gje ein introduksjon til faget ettersom grunnkunnskapen ofte er stabil over tid. Undersøkinga viser også at dei som fastset pensum generelt vurderer at vitenskaplege artiklar i større grad følger utviklinga i faget og derfor er meir aktuelle enn lærebøker. Artiklar er derfor ein viktig del av pensum i mange studieprogram.

Overgang frå vidaregåande skule til høgare utdanning kan for mange studentar vere stor. Fleire peikar på at det i starten av utdanninga er særskilt behov for norskspråkleg pensumlitteratur som introduserer termar og fagstoff. I innspelet sitt til handlingsplanen skriv UHR at det bør utarbeidast fleire innføringsbøker på norsk, spesielt i fagfelt med sterk konkurranse frå engelskspråkleg faglitteratur.

Dialogmøta med dei ulike arbeidsutvala til UHR viste at fagmiljøa har ulike tilnærmingar og tradisjonar når det gjeld val av læringsressursar til pensum, som igjen verkar inn på om det er norsk eller engelsk faglitteratur som vert valt. Formatet til pensumlitteraturen, og om pensum er tilrådd, supplerande eller kjernelitteratur, varierer også i stor grad.

Skilnader i bruk av pensum kan vanskeleg endrast gjennom lærebokordninga, men bidreg til utryggeleik i marknaden for lærebøker for forlaga. Dei siste åra rapporterer forlaga om ein markant nedgang i sal av lærebøker, kombinert med auka kostnader for utgjeving.

Som tidlegare vist i rapporten, er lærebokordninga viktig for å sikre eit mangfald av norskspråklege lærebøker, og ordninga kan være avgjerande for at forlaga skal gje ut bøker for små fagfelt. På dette området fungerer ordninga godt, og den bidreg til utvikling, tilgjengeleggjering og bruk av norske lærebøker i mange fagområde. Vurderinga vår er derfor at lærebokordninga skal halde fram med å støtte utgjeving av lærebøker som det er avgrensa kommersielt grunnlag for å produsere, innan alle fagområde.

Det er også viktig at ordninga framleis prioriterer støtte til utgjeving av læremiddel som rettar seg mot større studentgrupper, særleg innan fagområde som er utsett for domenetap, slik at det finst alternativ til engelskspråklege lærebøker innan desse utdanningane.

Direktoratet tilrår ei styrking av budsjettet for lærebokordninga for høgare utdanning, for at fleire utgjevingar kan få støtte. Behovet skuldast endringane i søknadstal og støttebeløp som er omtala i kapittel 3.

4.2.1 Fortrinnet til det engelskspråklege pensumet ved auka bruk av digitale læremiddel

Nye former for undervisning, tilgang på informasjon og utvikling i teknologi og programvare opnar for nye tilnærmingar til læring. Det kan mellom anna være tilleggsressursar til lærebøker, inkludert adaptive læremiddel, digitale kurs, e- bøker eller nettsider. Noko vert produsert av fagmiljøa, enten ved ein enkelt lærestad, eller som samproduksjon mellom fleire institusjonar, nokre av forlaga og ein stor del av internasjonale aktørar. Landskapet er komplekst og i rask utvikling.

Innan internasjonal engelskspråkleg faglitteratur supplerer gjerne dei store forlaga lærebøker (digitale og papirutgåver) med tilhøyrande digitale læremiddel og ressursar. Gjennom innkjøpte lisensar har mange universitet

og høgskuler tilgang til desse. I val mellom norsk og engelskspråkleg pensumlitteratur utgjer tilgang til tilhøyrande læringsressursar eit stort konkurransefortrinn for den engelskspråklege faglitteraturen. Dette er ein faktor som bidreg til at engelskspråklege læreverk vert valt som pensum (Opinion, 2022, s. 10).

Norske forlag har mykje erfaring med å utvikle læringsressursar for lærebøker brukt i grunnskulen og vidaregåande opplæring, og vi har fått fleire innspel frå forlagsbransjen med ønske om stimuleringsmidlar til utvikling av digitale læringsressursar for høgare utdanning.

I innspela frå forlaga vert det framheva at digitale læremiddel bør utviklast i samarbeid mellom fagmiljø ved UH-institusjonar og kommersielle aktørar som forlag. Forlaga har spisskompetanse i å utvikle og marknadsføre digitale læremiddel som UH-institusjonane kan dra nytte av, mens fagmiljøa har både fagleg og utdanningsfagleg kompetanse som er nødvendig for å sikre kvaliteten i, og relevansen av, læremiddel.

Det er eit behov for å utvikle digitale læremiddel på norsk. Det å utvikle og halde ved like digitale læremiddel for mindre studentmarknader er likevel svært kostbart, og vil over tid krevje midlar av ein annan storleik enn det lærebokordninga forvaltar.

4.2.2 Høgare yrkesfagleg utdanning

Auka fokus på kompetanseutvikling i samfunnet og livslang læring endrar også behovet for lærebøker som gjer fagstoff og omgrep tilgjengeleg på norsk for fleire utdanningsnivå.

Frå fleire fagskular har vi mottatt eit innspel om at det er behov for å innlemme høgare yrkesfagleg utdanning og fagskular i lærebokordninga. Dette er ei sak som òg skal diskuterast i Nasjonalt fagskuleråd.

Ei viktig målsetjing for fagskular er å utvikle relevante og etterspurde utdanningar for yrkesfeltet. Nærleiken til yrkesfeltet vert teke vare på gjennom integrasjon av både praksisrelaterte og akademiske komponentar i studiet. Fagskulane ønsker at det blir utvikla lærebøker spesielt retta mot utdanningsnivået deira og som ivaretek dette fokuset. Manglande pensumlitteratur for fagskulane gjer at det i staden vert nytta læremiddel for bachelornivå og profesjonsutdanningar som ikkje dekker nødvendige emne og kompetansar nedfelt i læringsutbyttet for fagskuleutdanningane.

Innspelet frå fagskulane trekkjer fram at det er behov for læremiddel som legg vekt på erfaringskunnskap og der teorien vert belyst og forklart gjennom aktuelle og attkjennelege eksempel frå yrkesfeltet.

Som i høgare utdanning er det stor variasjon i fagskuleutdanningane, både i kva som vert tilbode av utdanningsprogram, lengde og talet på studentar per program. Samla er det langt færre studentar innan høgare yrkesfagleg utdanning, enn i høgare utdanning. Størrelsen på studentgruppa fordelt på små og marginale fagfelt gjer det også utfordrande økonomisk for forlag å produsere lærebøker retta mot målgruppa.

HK-dir meiner at også høgare yrkesfagleg utdanning har behov for støtte til å få produsert lærebøker, og kan ikkje sjå prinsipielle grunnar til at ordninga ikkje kan omfatte tilbod til høgare yrkesfagleg utdanning. Innlemming av høgare yrkesfagleg utdanning i lærebokordninga vil krevje ei tilpassa og målretta utlysning og ei styrking av budsjetttrammene i ordninga. Det bør gjerast ei konkret vurdering av behov og finansiering av dette.

Vi kjem likevel ikkje med ei endeleg tilråding i denne rapporten, sidan ei slik vurdering ikkje har vore ein del av oppdraget frå departementet.

4.3 Domenetap

Sjølv om norsk er det dominerande undervisningsspråket i høgare utdanning, ser vi ein nedgang i bruk av norsk i academia dei siste tiåra, både når det gjeld vitskapeleg publisering og undervisning og læring (Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse, 2022; Indikatorrapporten, 2020; Rambøll, 2022; Respons Analyse, 2020).

Manglande pensumlitteratur på norsk er både ein konsekvens av og bidreg til forsterking av domenetap til engelsk innan høgare utdanning. Når studentar ikkje har tilgang til pensumlitteratur på norsk, kan dette føre til at dei ikkje lærer seg å bruke dei norske omgrepa på fagområdet sitt. Når uteksaminerte kandidatar manglar omgrep for å kunne kommunisere faget sitt på norsk, vert formidling av ny kunnskap og forskning til offentlegheita svekt. Ei viktig brikke i arbeidet for å motverke domenetap er derfor at norskspråkleg pensumlitteratur er tilgjengeleg for studentar på alle studieprogram.

Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk fastset at studentar skal kunne kommunisere om faget sitt med andre, både spesialistar og ålmenta, ved fullført mastergradsutdanning. Ein slik kompetanse føreset at studentane har tileigna seg faguttrykka innan faget sitt. Det er ei utfordring både for læringa til studentar og for det venta læringsutbyttet når språkbruk i undervisning, pensumlitteratur og eksamen ikkje samsvarer, eller når det vert brukt berre eitt språk. Dette er noko studentane er opptekne av. I ei undersøking gjennomført av Sentio for NSO og Khrono svarte 61 prosent at

dei synest norsk fagspråk i undervisning og pensum var ganske eller svært viktig ([6 av 10 studenter mener det er viktig med pensum og undervisning på norsk \(khrono.no\)](#)).

I fleire av dialogmøta med UH-sektoren vert det peikt på at sjølv om norsk skal vere undervisningsspråk, er dette svært utfordrande i nokre fagmiljø. Mange tilsette brukar engelsk som arbeidsspråk, og dei melder at det er vanskeleg å sjå for seg at dei skal undervise og eventuelt skrive lærebøker på norsk. Dette perspektivet kom også tydeleg til uttrykk i ein skilde av innspela til handlingsplanen for norsk fagspråk:

Vi har innenfor teknologi fagfelt der det kun er publisert på engelsk, all terminologi eksisterer bare på engelsk (så langt), det er vanskelig, for ikke å si umulig å skaffe lærekrefter (og forskere) av tilstrekkelig kvalitet som behersker norsk – det er kort sagt mange faktorer som trekker i samme retning, og det er ikke i retning norsk fagspråk. IE-fakultetet mener derfor at Kunnskapsdepartementet burde være særskilt oppmerksomme på enkelte fagfelt, og opprette ordninger for at det norske fagspråket utvikles innenfor disse (Institutt for informasjonsteknologi og elektronikk, NTNU, 2023).

Auka bruk av engelsk innan akademia har stor tyding for produksjon og bruk av lærebøker på norsk, men det er skilnader mellom fagområde og på utdanningsnivå.

I evalueringa av lærebokordninga i 2016 skreiv NIFU at marknaden for lærebøker var todelt mellom norsk og engelsk. Evalueringa deira viste at engelske lærebøker dominerte i fagområde der læremidla kravde kontinuerleg oppdatering og der det var ressurskrevjande å skape gode læremiddel (naturvitenskap, teknologiske fag og naturvitenskaplegbaserte helsefag, som medisin, psykologi, odontologi, farmakologi, veterinærmedisin og ernæring). I kortare profesjonsutdanningar, humaniora og samfunnsfag, vart lærebøker på norsk frå norske forlag nytta oftare. I dei førstnemnde fagområda prioriterte fagmiljøa sjølve engelskspråkleg undervisningslitteratur, mens det i dei andre faga var ein sterkare tradisjon for at dei tilsette sjølve var med og skreiv lærebøkene (Sivertsen et al., 2016, s. 34–35).

Pensumsituasjonen i høgare utdanning verkar relativt uendra i dag. Forleggarforeininga sin bransjestatistikk viser at det vert utgjeve få norskspråklege lærebøker i naturvitenskaplege og tekniske fag for høgare utdanning (Bransjestatistikk forleggerforeningen, 2022). Av den samla omsetninga til forlaga er naturvitenskaplege og tekniske fag høvesvis 5,5

prosent og 0,9 prosent. Tala fortel at det er få lærebøker i desse fagområda, og at dei i lita grad vert omsette og brukte.

Frå hausten 2021 vart søknader innan naturvitskaplege og tekniske fag og økonomisk administrative fag definerte i lærebokordninga som fagområde med domenetap, og prioritert særskilt. Som vi har vist over, har dette til no hatt liten effekt. Lærebokordninga får framleis få søknader om støtte til utgjeving av lærebøker frå naturvitskaplege og tekniske fag.

Lærebokordninga får fleire søknader om utgjevingsstøtte frå økonomiske og administrative fagområde. Tilbakemelding frå forlag er at det er færre utfordringar med norskspråkleg pensumlitteratur for bachelornivå innan fagområde, medan det på mastergradsnivå vert nytta ein del engelskspråklege lærebøker. Sal av lærebøker i økonomiske fag utgjer 16,75% av forlaga si samla omsetjing av lærebøker (Bransjestatistikk forleggerforeningen, 2022). Tala viser at det er mindre behov for å definere økonomiske og administrative fag som fagområde med domenetap.

Sjølv om lærebokordninga får få søknadar frå naturvitskaplege og tekniske fag, vurderer vi likevel at prioritering av søknadar om utgjeving til fagområde med domenetap er ei viktig langsiktig satsing, og at det kan ta lengre tid før vi ser effektar av innretninga. Saman med tilrådingane våre i denne rapporten; å utvide og styrke lærebokordninga, og andre språkpolitiske tiltak for høgare utdanning, forventar vi at denne prioriteringa over tid vil få auka effekt og bidra positivt til utgjeving av fleire læreverk frå fagområda med domenetap.

For utvikling og skriving av lærebøker er det avgjerande at forfattar meistrar norsk språk. Manglande norskspråkleg kompetanse hos tilsette påverkar undervisningsspråk, og også val av pensumlitteratur. I ein del fagfelt er det i dag krevjande å få til utvikling og skriving av lærebøker på norsk, trass i krav om at dei tilsette skal lære seg norsk. Manglande norskspråkleg kompetanse hos tilsette er ei utfordring som forsterkar utfordringane tidlegare nemnt i rapporten: at skriving av lærebøker er tidkrevjande og vanskeleg å prioritere, at det vert opplevd som lite karrierefremmande å skrive på norsk, og at mange oppgjev mangel på gode norske faguttrykk som grunn for at det ikkje blir skrive på norsk. Denne situasjonen tyder på at det er behov for ei anna tilnærming enn tidlegare for å stimulere til meir skriving, utgjeving og bruk av lærebøker på norsk innan fagområde med domenetap.

I innspel til handlingsplanen for norsk fagspråk og til direktoratet har fleire aktørar og høgare utdanningsinstitusjonar peika på behov for økonomiske

insentiv for å stimulere til lærebokskriving, særleg i fagområde med domenetap. Dette vart og spilt inn i gjennomgangen av lærebokordninga i 2020, men det vart den gongen vurdert at andre tiltak burde prøvast ut og vurderast før utprøving av ei insentivordning.

Implementering av dei ulike språkpolitiske tiltaka i handlingsplanen bidreg til auka merksemd om korleis institusjonane kan arbeide med norsk fagspråk og motverke domenetap. Dette gjer det mogleg med ei betre forankring av arbeidet med utvikling av lærebøker på institusjonsnivå. For å møte utfordringane med domenetap i einskilde fagområde, meiner direktoratet at lærebokordninga no bør styrkast gjennom to ulike tiltak: ei pilotordning for utvikling av lærebøker og at det vert opna for at forlaga kan søke om støtte til omsetjing av sentrale læreverk til norsk.

4.3.1 Pilotordning

Utvikling av lærebøker krev prioriteringar i fagmiljø; at det vert sett av tid og resursar til arbeidet. For å aktivt stimulere til endring, tilrår vi at det vert lyst ut midlar retta mot UH-sektoren til utvikling av lærebøker i fagområde med domenetap for grunnleggande fag på bachelornivå.

Utlysinga vert gjennomført som ein pilot som legg til rette for samarbeid på tvers av fleire institusjonar, der forlag må vere ein partner i prosjekta. Utlysinga vil oppmode fagmiljø til å utvikle lærebøker som kan brukast ved fleire institusjonar, og dermed bidra til å gjere faglitteratur og terminologi tilgjengeleg for ei større studentgruppe. Forankring av prosjektet på institusjonsnivå løftar arbeidet med utvikling av lærebøker frå enkeltforfattar til fagmiljø.

Satsinga vil gje betre rammer, tid og resursar for å setje i gong arbeid med å utvikle norske læremiddel. Målet er at pilotordninga skal forsterke institusjonane sitt arbeid med norsk fagspråk, gjennom å stimulere til utvikling av lærebøker i fagmiljø kor dette har fått lite merksemd. For at ordninga skal ha best mogleg effekt må ho formast fleksibelt i samråd med UH-sektoren. Dersom satsinga lukkast vil den over tid og saman med andre språkpolitiske verkemiddel kunne bidra til å motverke domenetap.

Vi foreslår pilotordninga som ein tidsavgrensa intervensjon som vert lagt inn under rammene til lærebokordninga, men lyst ut separat. For å gjennomføre ei slik utlysing har direktoratet behov for ei styrking av lærebokordninga på 3 millionar kroner årleg over fem år. Midlane kjem i tillegg til støtta som forlaga kan søke om. Pilotordninga tek sikte på å tildele tre til fire prosjekt årleg.

Vi foreslår ei evaluering av pilotordninga etter om lag tre år, med ei vurdering av om ordninga bør avsluttast, endrast eller vidareførast.

4.3.2 Omsetjing

Omsetjing av lærebøker til norsk er foreslått av fleire som ei løysning for å gjere norskspråkleg pensum i fagområde med domenetap tilgjengeleg. Omsetjing vart først foreslått av NIFU i evalueringa av tilskotsordninga i 2016, med støtte frå Språkrådet, og vart også diskutert ved gjennomgangen i 2020. Språkrådet, NFFO, Nemnda for norsk ordbok og fleire av UHR sine arbeidsutval har i innspel til handlingsplanen for norsk fagspråk og i dialogmøte om lærebokordninga igjen foreslått at lærebokordninga bør opne for omsetjing av grunnleggande læreverk til norsk. Omsetjing bidreg òg til utvikling av eit rikare norsk fagspråk. Lærebøker i dei store universitetsfaga og innføringsbøker vert lesne av mange og har potensiale til å nå ut mange studentar.

Eit døme på eit slikt tiltak kan vera å få omsett til norsk eit av dei store (internasjonalt produserte) grunnleggjande læreverka i medisin, som dekkjer alle deldisiplinar frå anatomi til genredigering, og blir brukt av studentar i alle helserelaterte fag på BA-nivå. Omsetjing av eit slikt læreverk vil vera ein stor jobb første gongen, deretter er det tale om mindre revisjonar. Omsetjinga vil kodifisera ei mengd termar, definera dei (det er det lærebøker gjer) og syna dei brukte i kontekst. Dersom ei slik omsetjing blir organisert som tidsavgrensa prosjekt, vil det liggja til rette for samarbeid med både terminologar og fagmiljø for korpuslingvistikk og allmennordbøker. (Nemnda for Norsk ordbok, 2023).

Forleggarforeininga har vore skeptisk til omsetjingar av internasjonale lærebøker, ettersom dette både er dyrt, tids- og ressurskrevjande og vanskeleg å få til. Det er også ei uro for at ei slik utviding av ordninga vil gå ut over støtta til norske originalutgjevingar. Forleggarforeininga meiner at omsetjingar ikkje i like stor grad bidreg til utvikling av norsk akademisk språk som når bøker vert skrivne av norske forfattarar, og at omsette bøker ikkje er utvikla i konteksten av norske forhold og reglar. Det er også gjeve tilbakemeldingar om at dei internasjonale forlaga er meir interesserte i å selje eigne titlar på engelsk i den norske marknaden, enn å inngå avtalar om omsetjing av dei same titlane (Sivertsen et al., 2016).

Samstundes er det slik at det i dag vert utgjeve nokre norskspråklege lærebøker som er omsett frå andre språk. Forleggarforeininga vurderer at

det ved slike omsetjingar må leggjast til rette for norske forhold og standardar og at arbeidet krev samarbeid mellom forlag, omsetjar og fagkonsulent.

Direktoratet foreslår å opne for at forlag kan søke om tilskot til omsetjing av grunnleggjande læreverk på bachelornivå til norsk innan fagområde med domenetap. I fagmiljø der det ikkje er fagpersonell eller ressursar til å utvikle norskspråklege lærebøker, vil omsetjing kunne avlaste fagmiljø og stimulere til auka fokus på verdien av norsk fagspråk og terminologi i undervisning og pensum.

NFFO og Forleggarforeininga har utarbeidd ein normalkontrakt for omsetjingar og estimerer ein omtrentleg pris på 500 kroner per side. Dei fleste av prosjekta som søker støtte hos lærebokordninga har mellom 200 og 350 sider. For eit prosjekt på 300 sider vil støtte til omsetjing utgjere om lag 150 000 kroner. Forlaga vil i tillegg kunne søke om støtte til utgjeving og produksjon av bokprosjektet.

Direktoratet ber om at lærebokordninga vert styrkt med 600 000 kroner til omsetjing av sentrale læreverk til norsk i fagområde med domenetap. Støtte til omsetjing vil inngå i utlysing retta mot forlaga om støtte til utgjeving.

4.4 Terminologi

Lærebokordninga for høgare utdanning bidreg også til tiltak 10 i handlingsplanen, som omhandlar Termportalen:

Styrkje arbeidet med utvikling og tilgjengeleggjering av terminologi:

- *leggje til rette for vidare utvikling og bruk av Termportalen*
- *ta initiativ til utvikling av modellar for samarbeid om terminologiutvikling mellom universiteta og høgskulane og med Termportalen (...)*

I utvikling av lærebøker arbeider forfattarane med utvikling og bruk av fagtermar, men utan at desse nødvendigvis vert registrert i Termportalen kor andre fagpersonar og studentar kan finne dei. Arbeid med terminologi inngår per i dag ikkje som eit kriterium i lærebokordninga, og det er ingen klare forventningar i ordninga om at prosjekta som får tildelt støtte skal arbeide systematisk med dette.


Direktorat ser det som føremålstenleg å kople tilskotsordninga til arbeidet i Termportalen, ved å tydeleggjere ei forventning om at terminologi som vert utvikla gjennom skriving av lærebøker skal tilgjengeleggjerast i Termportalen. Terminologi som inngår i lærebøkene saman med definisjonar vert då gjort tilgjengeleg i eigne termbasar for faga lærebøkene omhandlar.

Ei sterkare kopling mellom terminologiarbeid og lærebøker vil kunne medverke til at det vert arbeidd meir målretta og systematisk med utvikling av norske termar for veletablerte engelske omgrep i samband med utvikling av, og omsetjing av, lærebøker.

5 Tilrådingar frå direktoratet

5.1 Innretting av ordninga

Direktoratet tilrår at lærebokordninga for høgare utdanning vert utvida og innretta med to ulike utlysingar: Ei for utgjevingsstøtte retta mot forlag og ei ny pilotordning retta mot UH-sektoren.



5.2 Styrking av ordninga

Direktoratet tilrår at lærebokordninga samla vert styrkt til 14,6 millionar årleg. Av dei 14,6 millionane vert 3 millionar lyste ut gjennom ei pilotordning for utvikling av lærebøker i fagområde med domenetap og 11,6 millionar lyste ut til utgjevingsstøtte til norske forlag. Styrkinga av budsjettet for utgjevingsstøtte inkluderer 600 000 kroner til støtte til omsetjing av lærebøker til norsk i fagområde med domenetap. Dette vil innebære ei auke i utgjevingsstøtta frå eit budsjett på totalt 9 millionar kroner i 2024. Vi vurderer at ei slik utviding og styrking av lærebokordninga samla vil gjere at ordninga treff vidare og betre enn i dag, særleg i område som er utsett for domenetap til engelsk.

Referanser

- Den Norske Forleggerforeningen. (2022). Bokmarkedet 2022. Forleggerforeningens bransjestatistikk D. n. Forleggerforeningen. <https://forleggerforeningen.no/wp-content/uploads/2023/06/Bransjestatistikk-2022- endelig.pdf>
- Diku. (2021). *Gjennomgang av lærebokordningen for høyere utdanning*. Direktorat for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høyere utdanning (DIKU).
Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse. (2022). *Tilstandsrapport for høyere utdanning 2022* (9). Direktorat for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir).
<https://cdn.sanity.io/files/dc7vqrwe/production/a3acfc921d19889fc421706d4465c34de64e804c.pdf?dl=>
- Indikatorrapporten. (2020). *Statistikk og indikatorer 2020. Det norske forsknings- og innovasjonssystemet*. N. Forskningsråd.
https://www.forskningsradet.no/contentassets/c13c9822d47542108d768dfb4a8479c4/indik_atorrapporten-2020.pdf
- Kunnskapsdepartementet. (2023a). *Frå ord til handling. Handlingsplan for norsk fagspråk i akademia*. Kunnskapsdepartementet
Retrieved from
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/handlingsplan-for-norsk-fagsprak-i-akademia/id2984345/>
- Kunnskapsdepartementet. (2023b). *Tildelingsbrev til Direktorat for høyere utdanning og kompetanse for 2024. Vedlegg til tildelingsbrev 2024. Særskilte oppdrag*. Retrieved from
<https://www.regjeringen.no/contentassets/a72885b2c807452ebd81b0fc32bd1e52/vedlegg-sarskilte-oppdrag-20242295924.pdf>
- Opinion. (2022). *Fastsetting av pensum i høyere utdanning. En kvalitativ undersøkelse av Opinion på vegne av Kopinor*. Opinion.
[https://www.kopinor.no/nyheter/slik-fastsettes-pensum/_/attachment/inline/a2f28170-a73d-455c-ba22-52b559e4c9e5:c080e6116fddca3b450f71aaf5b82a10424ea3a1/210422_Opinion_Kopinor_rapport%20%E2%80%93%20Til%20Kopinor%20\(1\).pdf](https://www.kopinor.no/nyheter/slik-fastsettes-pensum/_/attachment/inline/a2f28170-a73d-455c-ba22-52b559e4c9e5:c080e6116fddca3b450f71aaf5b82a10424ea3a1/210422_Opinion_Kopinor_rapport%20%E2%80%93%20Til%20Kopinor%20(1).pdf)
- Rambøll. (2022). *Undersøkelse om norsk fagspråk og terminologi i universitets- og høyskolesektoren. Kommentert innsiktsrapport utarbeidet av Rambøll Management Consulting*.
<https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/2022/rapport-fagsprakundersokelsen-2022.pdf>
- Respons Analyse. (2020). *Språk i høyere utdanning*. Språkrådet.
https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/sprakradet_sprak-i-hoyere-utdanning_rapport_210129_mi.pdf
- Schwach, V. E., Mari. (2018). *Å snakke fag på et språk andre forstår. Norsk fagspråk i høyere utdanning og arbeidsliv*. (20). NIFU.
<https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/handle/11250/2507474>
- Schwach, V. M., Elin Seim. (2013). *Pensum i høyere utdanning - hvilke læremidler brukes? Kartlegging av praksis i utvalgte fag*. f. o. u. NIFU Nordisk Institutt for studier av innovasjons.
- Sivertsen, G. L., Nalini; Mæsel, Elin Seim; Tømte, Cathrine. (2016). *Læremidler og formidling i høyere utdanning. En evaluering av tildskuddsordningen og en vurdering av insentivene* (18). f. o. u
NIFU Nordisk Institutt for studier av innovasjons. <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/handle/11250/2394382>